
Fra: blomdall <blomdall@online.no>
Sendt: 15. mai 2014 23:41
Til: Postmottak Radøy
Emne: trafikksikringsplanen
Vedlegg: skann0003.pdf

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Fau ved Austebygd skule har hatt oppe trafikksikringsplanen for perioden 2014-20.

Me kjem herved med våre innspel til kva me meiner bør vera med i denne planen, slik at me kan fremja trafikktryggleiken til borna våre som er elevar ved Austebygd skule.

Området ved –inn og utkøyringa til skulen opplever me foreldra som uoversiktleg. Denne fungerer no som parkeringsplass for ansatte i barnehagen og på skulen, på-og avstigning for elevar som blir køyrt, parkeringsplass for henting/bringing av barnehageborn og busshaldeplass. Me er kjend med at det skal byggjast parkeringsplass for dei ansatte lenger opp mot skulen som vil letta "trykket" her. Me har i tillegg nokre konkrete forslag me meiner bør gjerast:

-Før nedkjøringa til Valdernesnes når ein kjem sørfrå, ønskjer me fotgjengarovergang, eit meir synleg skilt som varslar om skule/skuleborn, samt fartsdump før fotgjengarovergangen.

-I motsatt ende av innkjøringa ønskjer me også her eit meir synleg skilt, fotgjengarovergang, samt fartsdump. I tillegg ønskjer me fartsgrena nedsett til 30 km/t innanfor dette området.

Viser til innteikna fotgjengarovergang og fartsdumper på vedlagt kart.

På strekninga frå Austebygd skule til Valdernesnes og frå skulen til Ystebørenen er det ingen av skuleborna som har meir enn 4 km skuleveg slik at dei har rett på skuleskyss etter 2. klasse. Me synes ikkje denne vegen er trygg nok å ferdast på som gåande eller syklande for desse borna. Også for bussreisande ser me at farlige situasjoner lett kan oppstå i forhold til plassering av busstoppet i krysset ved Stølane. Borna har ingen naturleg plass å stå, det er midt i ein sving og i bakke. Det er dessutan uoversiktleg for borna som kjem syklande og gåande frå Ystebørenen når bussen stoppar der. Me ønskjer difor:

-At busshaldeplassen i svingen/vegkrysset ved innkjøringa til Ystebørenen vert flytta lenger opp mot Stølane. Her er det allereie ei naturleg lomme for borna som skal ta bussen, men eit bussskur er absolutt ønskjeleg.

-Frå krysset der vegen går til Skjelvik, ønskjer me veglys ned til Valdernesnes.

-Rassikring på strekninga frå krysset ved Stølane til Ystebørenen.

-Meir veglys på strekninga frå krysset ved Stølane til Ystebørenen.

Med desse tiltaka meiner me at at det blir tryggare skuleveg for borna våre, slik at me føler oss tryggare på å la borna våre kan gå eller sykle til skulen som me meiner er svært viktig ifht folkehelseperspektivet.

Mvh Fau Austebygd skule v/Laila Blomvågnes